

Masfjordingen

Masfjorden sokn gjev ut meldingsbladet
i samarbeid med Masfjorden kommune



Gudstenester

18. september

Frøyset kyrkje kl. 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste v/Torbjørn Sæle og Bergit Ynnesdal

Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet i Masfjorden

25. september

Sandnes kyrkje kl. 11:00

Haustattkefest v/Torbjørn Sæle og

Tina Meland Corneliusen

Dei som er 50-årskonfirmantar i år er særskild invitert til denne gudstenesta.

Takkoffer til NLA Høgskolen

2. oktober

Solheim kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste v/Torbjørn Sæle og

Tina Meland Corneliusen

Tårnagentane deltek

Takkoffer til NMS - Det Norske Misjonsselskap

23. oktober

Frøyset kyrkje kl. 11:00

Solheim kyrkje kl. 13:15

Sandnes kyrkje kl. 16:00

Familiegudstenester med utdeling av

Mi kyrkjebok til 4-åringane.

Takkoffer til Kirkens Bymisjon

6. november, Helgemessesøndag

Sandnes kyrkje kl. 11:00

Solheim kyrkje kl. 14:30

Frøyset kyrkje kl. 17:00

Minnegudstenester ved Torbjørn Sæle.

Takkoffer til Vaksne for barn

Vigde

04.06.22

Sigrun Skuggedal og Mats Fromreide Svendsen

Sandnes kyrkje

20.08.22

Jenny Anita Dyrhaug og Adrian Andvik

Frøyset kyrkje

Sjå til dei i nåde, og styrk dei med din Ande, så dei i gode og onde dagar set si lit til deg, held trufast saman og hjelper kvarandre fram mot det evige livet.

Døypte



05.06.22 **Ada Sleire Andvik**

Frøyset kyrkje

Foreldre:

Juna Iren Sleire Ynnesdal og Glenn-Ove Andvik

19.06.22 **Emil Rambjørg Fredriksen**

Frøyset kyrkje

Foreldre: Gina Rambjørg og Marius Fredriksen

19.06.22 **Marta Sofie Flolid Haugland**

Frøyset kyrkje

Foreldre:

Stine Elisabeth Flolid og

Sander Birkeland Haugland

31.07.22 **Ovida Hillevi Rye Borge**

Fjaler sokn

Foreldre:

Ingelin Charlotte Rye Våge og Thomas Borge

13.08.22 **Helene Rambjørg Færevaag**

Sandnes kyrkje

Foreldre: Lotte Rambjørg og Espen Færevaag


Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja har de fått del i eit heilagt ansvar: Å visa omsorg for borna, be for dei, læra dei sjølve å be og hjelpa dei til å bruka Guds ord og delta i den heilage nattverden, så dei kan leva og veksa i den kristne trua.

Informasjon om gudstenestene i Masfjorden finn du alltid i kalenderen på nettsida vår:
www.masfjorden.kyrkja.no

Avlidne

19.06.22 Reidar Sleire, f. 1929
22.06.22 Martin Sleire, f. 1923
02.07.22 Berta Kvinge, f. 1932
06.07.22 Margot Bertina Hindenes, f. 1934
10.07.22 Jenny Johanna Rødberg, f. 1925
11.07.22 Marta Ester Andvik, f. 1927
19.07.22 Malena Magnusson, f. 1923
27.07.22 Alfrid Bø, f. 1935
02.08.22 Laura Sleire, f. 1934
12.08.22 Johannes Otto Helland, f. 1930

Eg er oppstoda og livet, seier Herren. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr. Og kvar den som trur på meg, skal i all æva ikkje døy.



VELKOMEN TIL SMÅBARNSTRALL



Me har gleda av å invitere barn og foreldre til ei song og musikkstund i Frøyset kyrkje.

Samlingane vert arrangerte annankvar torsdag i oddetalsveker, samlingane er frå klokka 10.30 til 12.30.

Dato for samlingane er:

15. september.
29. september.
13. oktober.
27. oktober.
10. november
24. november
8. desember.

Labyrint

Hjelp Kaptein Klo å finne skatten!




Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller **22 08 71 00**



Prikk til prikk



Finn fem feil!

Her fortel Jesus ein historie til folket.
Dei to bileta er nesten like. Finn du
dei fem feila på biletet til høgre?

Teikning: Asbjørn Tønnesen

Vits

– Kor kjem
dei våte fotspora på
teppet frå?
– Eg veit ikkje. Dei
har følgd etter meg
heilt sidan eg hoppa
i den sølepytten.



DETTE SKJER I TRUSOPPLÆRINGA HAUSTEN 2022

Søndag 28. august delte me ut bibelbok til dei som er eller vert 10 år i løpet av 2022. I samband med dette vart dei også inviterte til å kome på bibelsamlingar i løpet av hausten.

Tårnagent

Laurdag 1. og søndag 2. oktober treng me agentar til å løyse oppdrag og mysterium rundt omkring i Solheim kyrkje. Då vert alle dei som har fylt eller fyller 7, 8 eller 9 år i år inviterte til «Tårnagent-helg.»



4-årsbok

Alle dei som har fylt eller fyller 4 år i 2022, vert invitert til å få «kyrkjeboka mi». Boka vert delt ut søndag 23. oktober, både i Frøyset, Solheim og Sandnes kyrkje. Dei som får utdelt 4-årsbok vil på nyåret få invitasjon til å delta på dåpsskule.

Lys vaken

«Lys vaken» vert arrangert fyrste helga i desember, laurdag 3. og søndag 4. desember. Her vert dei som går i 5.-7. klasse inviterte til Frøyset kyrkje, og ein kan også overnatte i kyrkja om ein vil.



Småbarnstrall

I løpet av hausten vert det også arrangert småbarnstrall, for born i alderen 0-3 år. Her skal me spela og syngja litt, men også prate og ete lunsj saman. Samlinga vert annankvar torsdag i oddetalsveker, kl. 10.30 til 12.30 i Frøyset kyrkjelydsal. Datoane for samlingane er: 15. og 29. september, 13. og 27. oktober, 10. og 24. november og 8. desember.



Sykveld


Er du glad i å sy og likar å vere kreativ? Då inviterer me deg til å kome på sykveld i Sandnes kyrkjelydsal torsdag 3. november. Me har dåpsbrikke som skal syast om til dåpstepper, så kom gjerne ein tur innom då. Alle aldrar er velkomne.

Me vil minne dykk på at det berre er born som er døypt, eller registrerte som trusopplæringsabonnentar me har høve til å sende brev og invitasjonar til. Men alle er velkomen, så høyrer du til i eit klassetrinn og vil vere med på eit trusopplæringstiltak er du hjarteleg velkomen.

Dersom du ynskjer informasjon frå kyrkja om trusopplæring for born og unge, kan du ordne dette på kyrkja.no/informasjon. Her kan du registrere borna ved å logge inn og oppgje barnet sitt namn og fødselsdato på «Min Side». Her finn du òg meir informasjon om kyrkja, trusopplæring og kva moglegheiter du får ved å registrera barnet ditt.

Har du lyst å vera frivillig medhjelpar på nokon av arrangementa? Då blir me svært glad om du tar kontakt med oss på kyrkjekontoret.

Tekst: Tina Meland Corneliussen, trusopplærar



EIN SEINSOMMARKVELD

når sola er på veg
til å takka for seg
går eg opp
mot ein topp
skodda sig på
fyller fjordane små
men der oppe er det lyst
og nesten heilt tyst
det er tid for å nyta
la vera å yta
sjå berre sjå
mot det himmelske blå
og senda ein takk
til han som står bak
sol og måne - fjord og fjell
så er ikkje skodde så verst likevel
på fjellet ein seinsommarkveld

Tekst og foto: Torbjørn Sæle

EIN PRAT I SOFAEN?



Det treng ikkje vera krise for å snakka med presten! Kanskje vi skal ta ein prat ein dag?

Som prest får eg møta menneske i ulike delar og fasar av livet. I glede med eit nyfødd barn i hendene som skal berast til dåpen og i sorg over eit kjært familiemedlem som er død. I samtalar med brudepar og gjennom konfirmasjonsførebuinga. Og i mange andre samanhengar.

Å ha nokon å snakka med, har vore viktig for meg. Også på dei nokså vanlege kvardagane.

I slutten av Lukas-evangeliet kan vi høyra om to som på påskedagen var på veg til Emmaus og «*snakka om alt det som hadde hendt.*» Dei hadde behov for å lufta tankar med kvarandre, og «*medan dei no tala saman og drøfte dette med kvarandre, kom Jesus sjølv og gav seg i lag med dei.*» (Lukas 24,13-15).

Det var godt for dei å ha nokon å snakka med. Dei to hadde kvarandre og så kom ein som hjalp dei til å sjå ting på nytt, ja, i dette tilfellet til å sjå at dei gjekk saman med den oppstadne og levande Jesus. Han som lovar å vera med når vi samlast to eller tre i hans namn.

Kanskje har du noko det kunne ha vore godt å lufta ut med eit anna menneske? Ein ting du har lurt på ei stund? Noko som har skjedd eller skal skje. Tankar om tru og tvil, fotball og frelse, kjærleik og krise, bibel og bøn. Om det som rører seg i livet. Det treng ikkje vera krise for å snakka med presten.

Eg lovar ikkje å gje deg alle svar, men eg kan lytta og kanskje stilla nokre spørsmål medan vi pratar om livets små og store spørsmål.

Du er velkomen på kyrkjekontoret i kjellaren på kommunehuset. Sofaen på kontoret mitt, som du ser på bildet, står ofte ledig. Kanskje vi skal møtast til ein prat i sofaen, eller i kyrkja du høyrer til i? Eller kanskje du vil snakkast ute på tur, slik som vandrarene i Bibelen?

Det beste er å gjera ein avtale. Ta gjerne kontakt! Send meg ei melding eller ring på 95141685, e-post til torbjorn.saele@kyrkjaimasfjorden.no, via messenger til «**Spesialprest Torbjørn**» eller **gje meg eit vink når vegane våre kryssast**. Du treng ikkje nemna kva du vil snakka om når du tek kontakt. Og som prest har eg teieplikt. Vi snakkast!

Torbjørn Sæle, sokneprest

SAMLING FOR 50-ÅRSKONFIRMANTAR



Bak f.v: Johannes Gunnar Haugsdal, Leif Bjarne Haukeland, Kolbjørn Reknes, Øystein Andvik, Vidar Reknes, vikarprest Harald Sundsbø

Midten f.v.: Marta Midtbø, Vigdis Holmaas, Marit Sætre, Britt Astrid Nordland Harktorson

Framme f.v.: Martha Mjanger, Kåre Bård Nordli, Judith Eikevik, Lillian Langhelle, Kari Hope, Torbjørg Anne Nordland

Dei som vart konfirmerte i 1970 og 1971 i kyrkjene i Masfjorden hadde ikkje fått noko samling på grunn av korona. Innbydingar var sendt ut tidlegare til 1970-kullet, men samlinga måtte avlysast p.g.a. restriksjonane som vart sett i verk. Difor valde soknerådet å laga til ei samling i ettertid, og 12. juni vart dagen. 15 av dei som vart konfirmerte desse to åra kom, og hadde ein fin dag saman. Det var først gudsteneste i Sandnes kyrkje og deretter middag på Sandneskaféen. Under middagen var det mykje utveksling av minne frå ungdomstida og litt om korleis livet har vorte seinare. Det var tydeleg at dei sette stor pris på å møtast, og fekk mange timar saman før samlinga vart avslutta. Anne Merethe Reknes og Harald Sundsbø deltok og leia programmet saman.

Tekst: Harald Sundsbø
Foto: Anne Merethe Reknes

OLSOKFEIRING PÅ FJON

I år igjen var det duka for det tradisjonelle olsokstemnet på Fjon Fjellkyrkje 29. juli. Det var ein fin gjeng med folk som kom for å delta i gudstenesta, eta den nydelege rømmegrauten Magnhild Dyrdal hadde kokt og delta i åresalet.

Stemninga var fin og vinnarlysta på topp då trekninga var i gang. Det er triveleg å koma saman og treffa folk frå både nær og fjern.

I år var det Knarvik sokn som hadde ansvar for gjennomføring i samarbeid med styret for Fjon Fjellkyrkje. Det vart lagt ned ein stor og god frivillig innsats! Ser allereie fram mot neste år!



Tekst: Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn

Foto: Øystein Skauge

Det har gått ut invitasjon til dei som er 50-årskonfirmantar i år. Desse vart konfirmert i Masfjorden i 1972, og me har invitert dei til gudstenesta på Sandnes den 25. september. Etterpå blir det middag, kaffi og kake på Snikkarbua kafé på Kvingo. Her blir det tid for jubilantane til å mimre og kose seg saman. Er du ein av desse må du hugse å melde deg på snarast. Påmelding finn du på www.masfjorden.kyrkja.no eller ring 56 16 62 61. Velkomen.

Tekst: Eli Eidsnes

VÅTT OG LEVANDE VATN I STORDALEN

Tradisjonen tru var det gudsteneste i Stordalen i samband med programmet under Bjørn West-marsjen.



På Bjørn West Marsjen si Facebook-side opp oppsummerte Arnold Matre gudstenesta med at presten «måtte kjempa med vêrguden i starten, men etter kvart letta det og han heldt ei fin preik.»

Ja, det kom nokre gode regnbyer som var med å understreka poenget i bibelteksten om det levande vatnet, der Jesus seier:

«Den som tørstar, skal koma til meg og drikka. Den som trur på meg, frå hans indre skal det, som Skrifta seier, renna elvar med levande vatn.»

(Johannes 7,37-38)

Vatnet i elvar og fossar kan koma med ei veldig kraft. Vatnet gir liv og reinsar oss. Og vår gode hyrde kan leia oss til vatn – der vi finn kvile, som det står om i Salme 23.

Ein sporty friluftskyrkjelyd let seg ikkje skemma av det som kom dalande ovanfrå, og fekk under gudstenesta høyra Anne Hvidsten sine vakre framføringar av salmane «Lær meg å kjenne dine veie» og «Jeg er i herrens hender.»

Tekst: Torbjørn Sæle, sokneprest
Foto: Eli Eidsnes og Torbjørn Sæle

FRIVILLIG ARBEID I KYRKJA - KVIFOR, KVA OG KORLEIS?

2022 er oppnemnd til «Frivillighetens år», og fokus er sett på frivillig arbeid i ulike samanhengar. Frå kyrkja si side er det naturleg å sjå litt på kva frivillig arbeid har å seie for arbeidet kyrkja driv.

I dette nummeret av «Masfjordingen» vil ein sjå litt på kvifor frivillig arbeid i kyrkja er viktig. I dei to neste nummera vil fokus vere på kva frivillig innsats som er ynskjeleg og naudsynt, og korleis ein kan verte involvert.

Del 1 : Kvifor?

Kyrkja vår er ein del av beredskapen i bygdene våre.

Mange har sikkert sett det: Når eitt eller anna dramatisk skjer i eit lokalmiljø, er det ofte kyrkja folk søker til for å finne fellesskap og trøyst. Kyrkja vert ei naturleg ramme rundt dei som kjem saman. Det er ikkje naudsynlegvis slik at alle som då kjem til kyrkja, er så veldig sterke i trua. Men så er det ingen som spør om det i ein slik situasjon. Folk er velkomne, slik dei er.

No er det heldigvis ikkje slik at kyrkja berre fungerer som eit samlingspunkt når store og dramatiske hendingar skjer.

Kyrkja skapar også fine rammer rundt hendingar som er viktige for dei få og deira næraste.

For mange er kyrkja med og tek vare på tradisjonar som er viktige for dei. Eitt døme: I Frøyset kyrkje er det som regel ganske fullt på gudstenesta julaftan. Mange av dei som kjem til kyrkja denne dagen, bur utanbygds, og nyttar høvet til å møte og helse på gamle kjenningar dei alt for sjeldan ser, og som dei veit også møter opp denne dagen.

Og endeleg er det nokre som kjem til kyrkje stort sett kvar gong det er ordinær gudsteneste her, rett og slett av di dei ynskjer å ta del i den fellesskapsopplevinga det er å dele Ordet, Brødet og Vinen.

Jau, kyrkja er viktig for mange, på ulikt vis. Likevel er det ikkje slik at vi skal ta kyrkja og kyrkja sine tenester for gitt. Rett nok har vi folk som fyller forskjellige funksjonar i kyrkja, som prest, kyrkjelydsmusikar, undervisningsleiar, kyrkjevevjer, klokkar, kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar. Men kyrkja treng innsatsen til fleire, og mange er det som på sitt unike vis kan bidra til at kyrkja i Masfjorden også i åra som kjem kan vere ein viktig del av livet til folket i bygdene våre.

Å gjere ein frivillig innsats for kyrkja i Masfjorden er dermed å gjere ein frivillig innsats for folket som bur her – inkludert ein sjølv. Det er å bidra til at vi kan ta betre vare på kvarandre når behovet er der. Men i det daglege kan frivillig arbeid i kyrkja bidra til at både dei frivillige sjølv og dei som nyter godt av det frivillige arbeidet får ein meir meningsfull og god kvardag. Det er ein vinn – vinn-situasjon.

Meir om dette i neste nummer av Masfjordingen.

Tekst og foto: Rune Garmann



ENDRINGAR I KYRKJESTABEN

På dei fleste arbeidsplassar blir det gjerne litt utskiftingar i personalet innimellom. Kyrkja i Masfjorden har no nokon som sluttar og nokon som byrjar, så det er tid for å både seia takk og velkomen.

Torbjørn Sæle har vore vikar som sokneprest her i 1,5 år no, og me er svært glade for å kunne melde at han no har takka ja til fast jobb som sokneprest i Masfjorden. Torbjørn er ein flink prest og god kollega, så me er svært takksame for at han no har valt å bli i tenesta i Masfjorden framover.

Eli Eidsnes har fått auka si stilling som kyrkjevevjerje med 20%. Så no jobbar ho 70% som kyrkjevevjerje og 30% som sekretær på kyrkjekontoret og har då full stilling i kyrkja i Masfjorden.

Helga Ekehaug har fått innvilga studiepermisjon i 3 år, og er allereie i gang med studentlivet. Me takkar ho for alt ho har gjort for liten og stor i dei 7 åra ho har vore diakon og undervisningsleiar, og ynskjer ho lykke til med prestestudiet framover.

Tina Meland Corneliussen har overtatt jobben som trusopplærar, og er i gang med arbeidet blant borna. Ho har bakgrunn frå barnehage og er tilsett i ein 60% vikarstilling i 3 år framover. Tina er allereie godt i gang med arbeid og planlegging av arrangement, så me er glade for å ha fått ho i staben.

Bergit Ynnesdal har overtatt Helga sitt arbeid med konfirmantane. Ho er tilsett som



ungdomsarbeidar i ein 20% vikarstilling, førebels fram til neste sommar. Bergit er også i gang med arbeidet sitt, og har vore med på både konfirmasjon og infomøte for dei nye konfirmantane. Me ynskjer Bergit velkomen i staben vår og gler oss til fortsetjinga.

Anne Merethe Reknes har nett slutta som kyrkjelydsmusikar etter 10 år i teneste hos oss, i tillegg til mange år som vikar før det. Ho skal no jobba som klinisk ernæringsfysiolog i prosjektleiarstilling i kommunen. Anne Merethe har gleda oss med sine tonar frå både orgel og piano. Ho har særskilt likt når ho har fått spela saman med andre musikantar, noko som me har gleda oss over både til jul og 17. mai, blant anna. Me vil takka Anne Merethe for lang og tru teneste og ynskja ho lykke til i den nye jobben.

Sjølv om det ikkje kom inn søknadar til den faste kyrkjelydsmusikarstillinga som vart utlyst i sommar, har det lukkast oss å få på plass gode vikar løysingar framover. Både Ove I.B. Danielsen, Johannes Lyngset og Ann Jorunn Hillersøy vil kome og spele. Frå november vil Boris Kuprijanov, som mange her i Masfjorden kjenner, være vår faste organistvikar framover. Me er takksame for å ha slike gode vikarar med på laget vårt.

Tekst og foto: Eli Eidsnes



HELGA EKEHAUG SER TILBAKE - OG FRAMOVER

Helga Ekehaug har vore diakoni- og undervisningsleiar her i Masfjorden sokn dei siste åra. Ho har jobba med trusopplæring, med blant anna dåpsskule og utdeling av 4- og 10-årsbok, ho har jobba med konfirmantane og mykje meir. No skal ho ta permisjon frå jobben for å kunne studere. Me snakka med henne i starten av august om planane vidare, og kva ho sit igjen med etter mange år i jobben.

Kor lenge har du jobba her?

Heilt sidan 20. april 2015, så har hatt jobben i godt sju år no.

Og kva er planen vidare no?

Det første som skjer, er at eg skal verte student! Eg har fått plass på eit heilt nytt studie på MF vitskapelege høgskule. Der eg skal ta ein erfaringsbasert master, prest. Så då er eg prest om to år. Eg gler meg til det, eg har allereie begynt å lesa.

Kva har du lese så langt?

Ein bok som heiter Prekenbeskrivelse av Rolv Nøtvik Jakobsen og Gunnfrid Ljones Øierud. Den handlar om å øve på å halde preike. Så skal eg invitere folk til å høyre på ei preike, for å få øva meg.

Kva er dine tankar rundt å vere student?

Eg gler meg som ein unge til å gå i gang med studiane og å få tid til å og læra korleis me kan forstå og erfara Guds kraft og formidla denne kjærleiken vidare. Så håpar eg på betre tid til å padle, stella i hagen og vitja foreldra mine. Eg er så glad for å ha fått permisjon til å studera!

Eg har tenkt på dette i 20 år, og det er ein heilt strålende moglegheit å ta det på to år. Det var godt når avgjerdelsen vart tatt. Det kjennes godt ut å gå i gang.

Kva er din motivasjon til å skulle studere til å bli prest?

Drivkrafta til å studere prest, er for å vera tettare på folk i viktige stunder i livet. Få koma tettare på det som eg finn meningsfullt og viktig i mitt liv- å ha Jesus som førebilete. Me har alle noko heilagt i oss. Veldig mange, enten dei kallar seg kristne eller ikkje, har ei tru. Eg ynskjer at denne kan få større plass slik at me kan sjå vår neste som eit medmenneske. Så ynskjer eg å bidra til at gudstenestene i større grad involverer og inkluderer born, unge og resten av kyrkjelyden. Eg har erkjent at kyrkja som organisasjon og ein del kristne folk har stått først i rekka til å fordømme, stenge ute og vurdere andre. Dette har provosert meg, slik at eg enten måtte melde meg ut eller engasjere meg. Så då har eg engasjert meg, slik at eg har kunne påverke organisasjonen.

Kva kjem du til å sakne ved jobben?

Eg kjem til å sakna arbeidet med ungane. No når eg såg namna på dei som skal få 10-årsbok, hugsar eg dei frå dåpsskulen då dei vart 5 år. No får eg ikkje vera med å dela



ut bibelboka til dei. Det kjem eg til å sakna. Eg hugsar godt ein gong når me skulle dela ut 4-års boka, då gjekk 4-åringane i prosesjon inn kyrkeskipet og rundt alteret. Då gjekk ei 4 år gamal jente fremst med eit kors, som nokre born frå tårnagentsamlinga hadde laga. Ho gjekk altså der med slik ei andakt. Det kjentest ut som ei heilag stund å gå inn i kyrka. Seinare sette ho seg på fanget mitt og spurte kor Jesus er. Det var ein fin augeblink. – Det var magisk.

Eg hugsar også ein konfirmant som leia gudsteneste ein gong. Presten hadde ikkje høve til å halde den gudstenesta me skulle ha på leiren. Konfirmanten leia då gudstenesta på ein så flott og verdig måte at folk, mange år seinare, omtala det minnet som ei flott oppleving. Eg minnst òg mange fine stunder med bønnevandring og lystenning. Mange stunder kor borna har vore med å lage ein magisk eller heilagt augeblink.

Det fine med å vere i Masfjorden er menneska som bur her. Ein treff dei på butikken og kan slå av ein prat. Folk er så positive og kjekke her. Eg kjenner at eg høyrer til i Masfjorden.

Tekst: Tina Meland Corneliussen

Foto: Eli Eidsnes

TRUSOPPLÆRAR TINA TEK TIL

Barnehagelæraren har lenge ønska å jobba i kyrkja. No er Tina i gang med arbeidet som trusopplærar.

NAMN: Tina Meland Corneliussen
ALDER: 26 år
BUSTAD: Leknes

FAMILIE: Sambuar med Stian. Mamma til Samuel på 1 år. Hund som heiter Hercules.

UTDANNING: Bachelor i barnehagelærar. Årsstudium i religion, kultur og samfunn.
STILLING: Trusopplærarar

Kvifor søkte du på jobben?

Eg søkte på jobben fordi eg har hatt lyst til å prøva noko nytt etter å ha jobba som barnehagelærar dei siste åra. Vi flytta tilbake til Nordhordland, og eg såg den ledige stillinga. Eg har hatt lyst å jobba i kyrkja og med menneske, særleg med barn og unge. Eg er oppteken av å skapa eit godt fellesskap for barn og unge innanfor kyrkja. Tenkte først at Masfjorden var langt unna, men så var det jo ikkje så langt.

Kva inntrykk har du etter nokre veker?

Eg har møtt flotte, engasjerte og dyktige menneske. Det er godt å koma inn i eit team kor det er høgt fagleg nivå, og der eg kjende meg veldig velkommen. Det er mykje å setja seg inn i og stort aldersspenn for meg som har jobba i barnehage. Eg trur det blir utfordrande på ein god måte, og gler meg veldig til å koma i gang med trusopplæringstiltaka.

Kva ser du mest fram til?

Det eg ser mest fram til er å gjennomføra trusopplæringstiltak som tårnagentar og dåpsskule, og få vera saman med andre menneske og barn. Eg ønskjer å skapa fellesskap med rom for spørsmål om tru.

Er det noko du gruar deg til?

Godt spørsmål. Det er jo litt skummelt med det som er nytt. Og du må gje mykje av deg sjølv. Så kan eg tenka: «Kva om ting ikkje går som planlagt?» Men så går det jo fint.



Nøkkeloverrekking

Korleis er det for deg å jobba i kyrkja?

Eg har alltid vore fascinert av kyrkja. Ein fin plass å vera. Mykje er som i ein annan jobb, men bønn og dei kristne rituala er jo annleis.

Er det noko som vil bli annleis med deg i denne jobben?

Mykje vil vera som før. Helga har gjort ein fantastisk jobb og skapt eit engasjement som er viktig å ta vare på. Så eg vil prøva oppretthalda og vera med å utvikla arbeidet, så kanskje kan det koma noko nytt etter kvart. Barns medverknad er viktig for meg. Å finna ut kva dei har lyst til og kva som engasjerer. Og så er eg opptatt av berekraftig utvikling.

Kva likar du å gjera på fritida?

Eg er familiekjær, så eg likar å vera med familien, med venner og på tur med hunden. Eg er glad i å trenar og det kreative, som strikking og syng.

Kva håpar du vil skje i jobben din?

Eg håpar å få gjennomført dei tiltaka som Helga har starta. Aktivitetar som skapar litt engasjement. Aller mest håpar eg å skapa ein plass der barn og unge kan få vera seg sjølv og at kyrkja kan vera ein god arena for barn og unge i dei ulike kyrkjejrinsane.

Tekst: Torbjørn Sæle
Foto: Eli Eidsnes

MIN SALME

Då eg skulle velje ein salme som eg skulle skrive om, blei eg motivert til å finne ein salme som verkeleg snakka til meg. Eg trur eg har funne ein som oppfyller det kravet, nemleg «Du gav oss perlen». Grunnen til at akkurat denne salmen av fleire hundrevis salmar appellerte til meg, er korleis jorda blir skildra. Jorda blir skildra som ei perle som er blitt gjeve til oss menneske. Dette er noko eg synest er så vakkert, fordi det fortel litt om korleis jorda er. Jorda er fantastisk, vakker, og storslått, men samtidig så er jorda sårbar som ei perle. Og som ei perle, så kan dessverre også jorda bli forfalla og øydelagt. Salmen tar opp problematikken om at me menneske har øydelagt draumen til Gud, den draumen Gud hadde om jorda. Men ynskjer å få tilbake draumen om jorda, og det gir meg eit lite håp. Det gir meg eit lite håp om at me menneske har lyst og tar vare på denne vakre perla som me har fått i gåve, og ikkje øydelegge, men heller reparerer og hjelper jorda.

Tina Meland Corneliussen

«Du gav oss perlen»

Norsk salmebok nr. 718

1. «Du gav oss perlen, den som heter Jorden, en blank juvel av himmel sjø og land.
Din skaper drøm er alltid like vakker, du lar det myldre i luft og vann»
2. «Din drøm om Jorden, Gud, den har vi sviktet. Det er vår skyld, og derfor vil vi be:
Gi oss tilbake drømmen som vi mistet, så kan vi få det gode til å skje.»
3. «Vår lille klode virvles gjennom tiden og på reise mot den siste store dag,
da din rettferdighet skal bryte gjennom og smelte Jordens kulde, hat og nag.»
4. «La jordens perle funkle for vårt øye, så drømmen stadig gis oss, ren og ny.
Og led oss dag for dag gi ord og handling mot frihets dag og frelsens morgengry»

Tekst av Eyvind Skeie 1974
Melodi av David Evans 1927



Me beklagar at dette stykke ikkje kom med i sist utgåve av Masfjordingen.

KYRKJA SI MARKERING AV FRIGJERINGS DAGEN 8. MAI



Då planen for gudstenester våren 2022 skulle leggjast, såg ein at 8. mai dette året fall på ein søndag. Sidan soknerådet tidlegare har vedteke at det i kvar kyrkje skal haldast ei temagudsteneste, var det naturleg å tenkje at ein kunne lage ei temagudsteneste der fokus vart sett på fred og solidaritet. Like naturleg var det å leggje denne gudstenesta til Solheim kyrkje, for det var i Solheim kyrkjekrins at ein i størst grad merka den krigen 8. mai markerer slutten på.

Det er nærliggjande å tenkje Bjørn West når ein nemner Masfjorden og krigen. Men denne gongen valde ein å fokusere på arbeidsleiren med krigsfangar frå Den raude armé, som vart anlagt på Matre. Frå 1942 og fram til freden var rundt 200 fangar internerte her, bevakta av om lag 40 tyske soldatar og offiserar. Fangane levde under

svært harde vilkår, med tungt arbeid, lite mat og med svært dårlege hygieniske tilhøve.

Men folket på Matre såg korleis fangane leid. Dei gjorde det dei kunne for å lette tilhøva til fangane, til dømes ved å leggje ut mat på stader dei forventa at fangane ville finne han.

Soleis er historia om fangeleiren på Matre og fangane der «russarfangane», ei historie om liding og tvang, men også om solidaritet.

Planen var å gjennomføre gudstenesta i Solheim med ein del innslag som skulle knyte henne opp mot hendingane i og rundt leiren på Matre, og avslutte med ein seremoni ved grava til dei fire fangane som er gravlagde på Solheim.

Deretter var det meininga å ha eit program inne på Bjørn West-muséet i samarbeid med muséet, der ein i meir detalj skulle gå inn på historia knytt til fangeleiren, og også her med ulike kulturelle innslag.

Slik skulle det ikkje gå. Den russiske invasjonen av Ukraina sette ein brutal stoppar for dette.

Det ein stod att med denne søndagen, var gudstenesta og seremonien ved gravene – om enn i ein litt enklare versjon enn opphavleg tenkt. Dette kunne ein lese om i sist utgave av «Masfjordingen».

Men kyrkja hadde også teke initiativ til eit tiltak den 9. mars: Denne dagen var Raftostiftelsen invitert til Bjørn

West-muséet for saman med muséet å gjennomføre eit undervisningsopplegg for elevane i ungdomsskulen i Masfjorden.

Om lag 60 elevar med lærarar var samla på muséet og på Matre skule, der dei fekk ei innføring i historia til leiren og fangane der, og dei fekk arbeide med ulike problemstillingar knytt til kva som gjer mennesket i stand til å gjere det vonde, og kva som kan få mennesket til å ville velje det gode.

I tillegg til åndeleg føde fekk også dei frammøtte eit felles måltid, sponsa av kyrkja. Det var helselaga i Indrefjorden som stod for serveringa, og dei fortener stor takk for eit flott opplegg.

Stor takk for eit innhaldsrikt opplegg må også gå til Bjørn West-muséet ved Arnold Matre, og til Raftostiftelsen ved undervisningsleiar Solveig Moldrheim og rådgjevar Marita Nygård.

Det er ei glede å kunne fortelje at denne dagen kan hende er oppstarten til eit meir fast samarbeid mellom muséet og stiftinga.

Tekst og foto: Rune Garmann





Utdeling av 10-års bok, Frøyset. Foto Alimaa Tomor

VELKOMEN, VERSÅGOD OG TAKK!

Desse tre orda oppsummerer mykje av det som skjedde søndag 28. august, då det var halde gudstenester i alle tre kyrkjene våre.

Denne sundagen vart neste års konfirmanter – tolv i alt – presenterte og ynskt velkomen til førebuingstida til konfirmasjonen. Då fekk dei også kvar sin Bibel - samt litt heimelekse til fyrste ordinære konfirmasjonssamling.

Ynskt velkomen vart også den nye trusopplæraren vår, Tina Meland Corneliussen, som var med og delte ut Bibelboka til 10-åringane. Ho nytta også Bibelboka til å lese ein lett modernisert versjon av dagens preiketekst, som var historia om då

Jesus metta 5000 menneske med fem små brød og to fiskar.

På eit litt underleg vis passa denne historia om brøda og fiskane ekstra godt på denne dagen, som var den siste arbeidsdagen til Anne Merethe Reknes. Ho sluttar etter ti år som organist hos oss for å gå inn i ei prosjektstilling i kommunen som ernæringsfysiolog. At folk har sett stor pris på innsatsen hennar, ga den varme applausen ho fekk i alle kyrkjene eit klårt uttrykk for.

Tekst: Rune Garmann



Prosesjon Sandnes. Foto: Rune Garmann



Utdeling av 10-års bok Solheim. Foto: Eli Eidsnes

NYE KONFIRMANTAR

Eit nytt konfirmantår er så vidt i gang for tolv nye Masfjord-konfirmantar. 17. september er det bli kjent-samling, og i tida framover vil konfirmantane delta og bidra på gudstenester og på ulike trusopplæringstiltak. 11.-13. november er den første av to konfirmantleirar på Fjon fjellkyrkje. Du som ber, hugs gjerne på konfirmantane og konfirmantåret.

Dette er dei nye konfirmantane som skal konfirmerast våren 2023:



FRØYSET KYRKJE

Clara Brandt
David Kolle Andvik
Henriette Søvik
Isak Birkeland Haugland
Mathilde Krokås Birkeland
Olai Haveland Molland
Siri Areklett
Synnøve Torsvik Størkersen
Troy Sleire – Ulvatn

Foto: Rune Garmann



SOLHEIM KYRKJE

Anastasia Jåstad
Johannes Vågset Oppedal

Foto: Eli Eidsnes

SANDNES KYRKJE

Lars Manfred Nordland Kvinge
Tvedt
(Var ikkje tilstade då bileta blei tekne)

Bilete frå haustens
konfirmasjonsgudstenester kjem i
neste nummer.

Tekst: Torbjørn Sæle

JØRN SKAUGE - PIANOKUNSTNAREN

Søndag 26. juni tok eg meg ein prat med pianist og lærar i kulturskulen, Jørn Skauge. Eg tenkte det ville vera kjekt for oss i Masfjorden å få vita litt meir om han.

Jørn fortalde først at han har budd på Hillesvåg i 3 år saman med kona Ida og guten deira Erlend. - Der trivest me godt, me har funne plassen me vil bu etter å ha flytta ein del rundt. Eg er oppvaksen på Hodneland, ein kjempes fin plass å veksa opp. Der brukte eg mykje tid på sjøen, me hadde naust og båt. Eg var på sjøen og fiska, anten sjølv eller saman med brørne mine. Eg var og på tur på sjøen med tanta mi, det var vanleg at me reiste med båten til gamlebutikken på Kvingo og Sævråsvåg eller til kafeen på Risnes.

Kva likar du å gjera på fritida?

Eg ser gjerne film eller finn på noko med sonen min, då går me kanskje ein tur i skogen. Elles går det mykje tid til musikken, heime har eg el-orgel oppe på kontoret, el-piano på soverommet og eit vanleg piano i stova. Der blir det mykje speling, sit meg gjerne berre ned og spelar. Det går mykje tid til å øva inn musikk som folk ønskjer til ulike arrangement, særleg til gravferder og bryllaup. Det er mange ulike ønskjer, så eg har fått god trening i notelesing og innøving av ny musikk. Dette gjer at eg heile tida lærer nye musikkstykke og nye arrangement.

Kva vekte musikkinteressa di?


Det var mykje musikk heima hjå oss i oppveksten. Far spelte hardingfele frå eg var liten og mor spelte gitar og piano - og ho song. Ho kunne alle sangtekstar i verda! Begge brørne mine spelte gitar og spelar framleis. I ungdomstida spelte eg i band med broren min, Asgeir, me spelte progressiv metal og eg spelte synth.

Kva er utdanninga di og yrkestittelen din?

Eg har 4-årig bachelor i utøvande musikk, og 2-årig master frå Griegakademiet. Eg har fleire yrkestitlar; organist i Ytre Arna menighet, pianolærar i kulturskulen i Masfjorden og pianist på Troidhaugen – der held eg privatkonsertar som er bestilt av turistar som kjem med cruiseskip til Bergen. I fleire år var eg «Ukens pianist», men det skal eg ikkje vera denne sommaren.

Har du spelt med kjende musikarar?

Eg har spelt med mange som er kjende innanfor det klassiske miljøet, blant anna pianolæraren min, Audun Kayser.



Kva er den kjekkaste konserten du har spelt på?

I 2014 vart eg som student ved Griegakademiet spurt om å delta på konsert på musikkakademiet i Baku i Azerbaijan! Så har eg ein gong spelt konsert i Logen i Bergen med Dragefjellet musikkorps, det var veldig kjekt. I Korskirken fekk eg ein gong spela saman med ein strykekvartett, der me framførte Dvorak sin klaverkvintett i A-dur mellom anna med ein fiolinist frå Wien-symfonikarane.

Prøver du å overføre pianointeressa di til neste generasjon?

Eg har vist sonen min noko, men han er nok ikkje alltid så interessert. Eg tenkjer eg ikkje vil pådytta han noko, han skal få bestemma sjølv.

Har du eit favorittstykke og skal du gje ut meir musikk?

Det er vanskeleg synest eg, kva som er favoritt varierer eigentleg frå dag til dag. Eg held på å byggja eit anneks i hagen, der skal eg ha eit flygel - kanskje det kan bli litt innspeling der? Bror min, Jon Martin, kan sikkert hjelpa til med det eventuelt.

I sommar skal eg og familien til Frankrike. I tillegg til at me skal i Disneyland med sonen, skal eg halda ein 70-minutters konsert sør i Frankrike på ein kammermusikkfestival. Eg deltok der for 10 år sidan og no dukkar eg opp igjen.

Eg takka for ein hyggeleg prat og ønskte Jørn og familien god sommar og god ferie.

Tekst: Jo Ronald Mjanger

BØN FOR FRED - UKRAINA I VÅRE HJARTA

Dette var tittelen på konserten Amalie Duesund (fløyte) og Rune Alver (piano) heldt i Solheim kyrkje laurdag 20. august. Ein raud tråd gjennom heile konserten var korleis det til alle tider har vore kulturell utveksling og kulturelt samspel mellom aust og vest, eksemplifisert gjennom musikkstykkje av komponistar av ulike nasjonalitetar frå 1700-talet og fram til i dag.



Innslaga vart introdusert av musikanane sjølv, og på den måten sett inn i ein større samanheng, der krig og fred var eit gjennomgåande tema. I den samanheng var det naturleg å tenkje på krigen som i desse dagar har rast i Ukraina i eit halvt år. At konserten hadde eit innslag av ein ukrainsk komponist, Nicolai Kasputin, var difor heilt på sin plass. Dette er for øvrig ein komponist som i stor grad har late seg inspirere av vestleg jazz, samstundes som har teke med seg den rike klavertradisjonen ein finn i austeuropeiske land.



Ein god representant for det kulturelle samspelet mellom aust og vest, med andre ord. Men musikken til Kasputin var ikkje det einaste ukrainske innslaget denne kvelden. Frå Bergen kom soknepresten i den ortodokse kyrkjelyden Kristi åpenbaringsmenighet, Fader Dmitrij Ostanin – sjølv ukrainar- saman med kone og dottera Anastasiya og eit par andre kyrkjelydsmedlemer. Fader Dmitrij heldt ein appell der han på norsk og ukrainsk formante oss om å vere som fedre og

mødre, systre og brødre, for dei som har måtta reise frå alt i heimlandet sitt. Anastasiya spelte fløyte, og ein treng ikkje vere stor spåmann for å hevde at dette er ei dame som vil nå langt om ho stemnar fram slik som no. Også andre ukrainarar hadde funne vegen til Solheim kyrkje. Invitasjon var send til ukrainarane som bur hos oss, og mange hadde takka ja til dette. Tilliks med oss norske fekk dei oppleve ein konsert som var vakker og dagsaktuell. Som ein av tilhøyrarane sa i ettertid: «Dette er noko av det flottaste og mest meningsfulle eg har vore med på her i kyrkja!» Det var nok fleire som kunne ha sagt det same.

Tekst og foto: Rune Garmann





Eldredagen i Masfjorden

**Fest for alle pensjonistar
på Nordbygda samfunnshus
fredag 30. september 2022 kl. 13.15**

(Ferje frå Masfjordnes kl. 12.40)

Variert program og tid til å snakkast
Festtale ved ordførar i Solund kommune, Gunn Åmdal Mongstad
Musikk ved dansebandet "I G-dur"
Lovisa Midtbø fortel
Innslag ved kulturskuleelevar
Utdeling av Eldreprisen
Allsong
Middag m/dessert,
kaffi og kaker
Kr. 400,- pr. pers.

Velkommen!

Påmelding innan 22. september til:
Ivar Haukeland: Tlf. 481 15 031
Lovisa Midtbø: Tlf. 950 82 322
Inger Jåstad: Tlf. 959 95 024



Arr. Masfjorden eldreråd

NATURMØTEPLASSEN PÅ HOSTELAND

Turstien, turvegen eller pensjonistløypa er kallenamn, kjært barn har mange namn, seiest det. Den 14. juni i år var det eitt år sidan den offisielle opninga av vegen, og registrering av bruken vart no avslutta.

Då me fekk pengar frå DAM-stiftinga til opparbeiding av turvegen var det krav om at bruken av tiltaket skulle registrerast og publiserast. DAM skulle ha sluttrapport innan 31. 08.22, og den er sendt. Det var og ynskje at den helsemessige gevinsten skulle vurderast.

Registreringsbøkene me hadde i postkassen på brua midt på turstien fortel noko om bruken. I dei sju bøkene som vart brukt har 3183 skrive namnet sitt, mange har og skrive alder. På pensjonistmøte den 20. juni vart ei magetaske trekt på registreringsbøkene og Kjell Molland var den heldige vinnar.

Frå idrettslaget som har app-registrering på mobil ved brua i tilnærma same tidsrommet er registrert 4091 turgåarar. Kanskje er her ei delvis dobbeltregistrering, men enkelte går turar utan registrering, vert me fortald. Dersom ein tek

utgangspunkt i tala vert det gått ca. 20 turar i snitt pr dag.

Ser ein på alder er dei under 30 år i fleirtal, mellom 30 og 60 år finn ein langt færre av. Kring ein tredjedel av dei noterte er over 60 år. Det er såleis kjekt å sjå at turvegen vert brukt av både unge og eldre.

Skal ein sjå på den helsemessige gevinsten vert det ei vurdering. I tida med koronasmitte innebar det å møtast til å gå tur liten smittefare, og turane kunne gjennomførast trygt.

Det å gå er fysisk trening. Som rundløype er lengda 1, 2 km, det same vert det om ein går grusvegen i skogen fram og tilbake. Med variert terreng måtte det verta både motebakkar og unnabakkar, noko som aktiviserer fleire musklar. Tempoet ein held avgjer delvis den helsemessige gevinsten.

Å kunne ta ein tur ut i naturen utan at ein må ta sjøstøvlar eller fjellsko på gjer at terskelen for å ta ein tur vert lågare. For alle som går er det ein helsemessig gevinst. Sidan turstien ligg så sentralt har det for enkelte vorte ein rutine å stoppa heim frå arbeid og å ta stien som eit avbrekk mellom arbeid og fritid. Dette er tilrådd frå dei som praktiserer det!

På benkane langs vegen kan ein nyta stilla, borte frå bilvegen, eller slå av ein prat med andre som er på tur.

Pensjonistforbundet Nordbygda er svært takksame og glade for at laget fekk stå for eit tiltak som alle aldersgrupper har nytte og glede av. Sjølv om registreringa er avslutta håpar me turvegen vert flittig brukt. Prøv biblioteket sin spørsmålsrunde, helselaget si torsdagsvandring, eller den kommunale treninga om måndagane!

Takk til Frank Kvinge, Lene Danilesen, Monica Rognved, grunneigar Arne Riisnes og alle som bidrog økonomisk for å få til Naturmøteplassen på Hosteland.

Pensjonistforbundet Nordbygda
v/Ivar Haukeland, leiar

Foto: Willy Borge





MJANGERSDAGEN SAMLAR BYGDA

Til vanleg bur det 17 personar på Mjanger. Men andre laurdagen i juli veks folketalet drastisk for nokre timar. Då er det Mjangersdagen. Denne dagen er kanskje meire enn 100 personar samla, og det er eit yrande liv på Borte-kaien.

I 27 år har det blitt arrangert Mjangersdagen.

Fastbuande, hyttefolk, folk som har vakse opp i bygda, folk med ein eller annan tilknytning til Mjanger samlast. Og dette er noko folk gler seg til, heile året.

På Borte-kaien vert det sett opp telt, bord og stolar. Regnar det kan ein også vera inne i saga. Bygdefolket tek med mat og drikke. To store grillar vert sett opp. OG: Ingen Mjangersdagen utan AUSEKAKER. AUSEKAKER i dungevis.

Og så er det underhaldning med lokale musikarar (med namnet Ausekakene), anten ute framfor saga, eller innandørs i dårleg ver.

Og kanskje ein rebus?
Men mest av alt; mat og prat! Og god stemning!

Det er kjekt med Mjangersdagen, og eg synest det vert kjekkare og kjekkare for kvart år. Kan det ha noko med alderen å gjera?

Og det er viktig med Mjangersdagen, og kanskje aller viktigast for alle dei som ikkje bur der til vanleg. Det handlar om identitet, om å høyra til, og om å kunne treffast, og å pleia det sosiale fellesskapet.

Neste år vert det på ny Mjangersdag. Og er du nysgjerrig på korleis dette går føre seg; ta turen, då vel!

Tekst: Jo Ronald Mjanger

STRIKK MED OSS

Bok- og strikkekafé på biblioteket på Nordbygda skule

Tysdag 20.sept.


Tysdag 25.okt.

Tysdag 15.nov.

Alle dagar frå 17-19

Minikonsert, litt litteratur, litt å bite i og masse strikking og prating.
Kaffi/bakst/frukt kr 30,-

Ta med skjerf, sokkar, vottar eller huer du har strikka til Bymisjonen til første møtet på Nordbygda i haust.



Strikkekafé på Sandnes filial

Mandag 5. september

Mandag 3. oktober

Mandag 7. november



STRÅLANDE AVSLUTNING PÅ SOMMARSESONGEN

Siste søndagen i august vart sommarutstillinga i Fargeriet og på Sandneskaféen avrunda med vakker korsong, interessant historietime, nydeleg solosong og viruost pianospel.

Sommarutstillar i år har vore Arne Kästel frå Austrheim. Til avslutninga hadde han med seg Austrheim seniorkor og dei serverte kjende og kjære songar i det intime tørkeloftet i fargeriet, saman med dirigent og solist Kjersti Wiik og pianist Jørn Skauge.



Alf Strand tok publikum med på ei reise tilbake til middelalderen og fram til no, og fortalde om Sandnes som eit viktig knutepunkt i gamle dagar.

Så var det kaffi og kaker på kaféen før programmet haldt fram på utescena, alt akkompagnert av ei varmande sol frå klår himmel. Takk til alle som kom og strålte med!

Tekst og foto: Frank Kvinge



40 ÅR MED BJØRN WEST-MARSJ

FORSVARSSJEF EIRIK KRISTOFFERSEN GJEKK I BJØRN WEST SINE FOTSPOR



Kvar einaste år sidan 1983 har det vore arrangert ein turmarsj i Matrefjella til minne om dei 259 Bjørn West-soldatane som kjempa mot den tyske okkupasjonsmakta. Seks av dei fekk aldri oppleve freden. I tillegg var fjellbonden Torgeir Stordal brutalt myrda i heimen sin 5. mai 1945.

Takk til Atle Bondevik og krinsen kring han som starta opp og drifta marsjen den første tida. I år var det såleis 40-års jubileum, og arrangementet er framleis aktuelt og livskraftig. Sett i lys av den internasjonale situasjonen høvde det godt at forsvarssjef Eirik Kristoffersen heldt minnetalen.

Årets arrangement vart særers vellukka trass i at prognosar om lyn og torevær gjorde at alle måtte gå den korte løypa. Dei påmelde synte stor forståing for dette og det positive var at no fekk alle sjå områda Bjørn West vart angripe frå 1. og 2. mai.

Totalt var det om lag 410 personar som gjekk marsjen – inkludert innsatsstyrken Bjørn West. Det må me vera godt nøgde med slik vërmeldingane var. Med tidleg start og kortare løype kom dei fleste seg i mål før styrt-bygene sette inn – og ja – det vart observert toreskrall sør for Litlematrestølen og sør for Stordalen.

Forsvarssjefen hadde ytra ønske om å gå den lange marsjen. Det var også eit ønske om orientering om dei dramatiske hendingane som fann stad langs den lange løypa. Bjørn West-muséet tok på seg den oppgåve ved Arnold Matre og Geir Hitland.

Grunna avlysing av den lange marsjen vart timeplanen litt endra. Forsvarssjefen fekk ein tur til Litlematrestølen der Matre og Hitland gjekk grundig gjennom hendingane der 29. april. 27 av 28 tyske spesialsoldatar vart drepne i eit godt planlagt bakhald. Bjørn West-soldat Johan Hansen Gatland vart offer for ei tysk kule.

Forsvarssjefen fekk sett landskapet den lange marsjen går i og uttalte at «eg må nok koma tilbake for å gå den lange marsjen og». Dette gjentok han i minnetalen sin – han kjem att seinast til 45- års markeringa.

Forsvarssjefen var også innom Bjørn West-muséet på Matre. Her vert historia om Bjørn West, samt den sivile innsatsen formidla. I si helsing i gjesteboka understreka han at denne formidlinga er viktig – «aldri meir 9. april».



Deretter gjekk Forsvarssjefen m/følge den korte løypa frå Nystølen til Stordalen. Her vart han grundig orientert om dei tyske angrepa frå nord (Bjordal) 1. og 2. mai.

Framme i Stordalen vart turen avslutta med den sterke historia om tragedien som råka Stordalsfolket. 5. mai vart 76 år gamle Torgeir Stordal brutalt avretta, husa brent ned og alle husdyra skotne. Alt dette som hemn for at Bjørn West valde heimen deira som hovudkvarter den siste månaden.

Programmet ved fjellstova starta kl. 13. Nordhordland sin eigen Anne Hvidsten heldt ein flott konsert ved fjellstova. Ho vart avløyst Torbjørn Sæle som hadde ansvar for friluftsgudstenesta. Han måtte kjempa med værguden i starten, men etter kvart letta det og han heldt ei fin preike. Dagen vart avslutta med ein fin og verdig minneseremoni ved minnestøtta.

Birger Wergeland har vore i leiinga for marsjen dei siste 20 åra. Han oppsummerte marsjen gjennom 40 år og gjorde greie for at marsjen no kanskje er meir aktuell enn nokon gong.

Sju karar har gått samtlege 40 marsjar. Dei fekk eit flott inngravert fat overrekt av forsvassjefen.

Seremonien vart avslutta med at forsvassjefen heldt minnetale og la ned krans til minne om dei sju nordmennene som vart drepne av tyske troppar i Matrefjella våren 1945.

I sin tale la forsvassjefen vekt på Bjørn West-soldatane sin vilje til å stå opp for fridomen – «dei gøymde seg ikkje vekk».

Forsvarssjefen gav uttrykk for at det hadde gjort stort eit inntrykk på han å få møta den 101-årige Bjørn West-veteranen Ivar Kristoffersen. Dei vart observert i ein lang og fortruleg samtale under middagen.

Forsvarssjefen sette sjølvsgt også fokus på at det igjen er krig i Europa. Krigen i Ukraina er brutal og råkar også mange sivile. Forsvarssjefen understreka at Ukraina sin kamp mot angrepa frå ein aggressiv nabo og stormakt også er vår kamp. Kampen for eit land sin rett til ukrenkelege grenser, gjeld oss alle – ikkje minst Noreg som eit lite naboland til Russland.

Til slutt takk han alle som møtte opp for å visa til støtte og heider til dei som kjempa mot okkupasjon og urett – her i Matrefjella og mange andre stader.

Og – forsvassjefen kom gjerne att til Bjørn West marsjen. Han ville sjå meir av områda Bjørn West opererte i samt at han likte godt å gå i vakre Vestlandsfjell. Han er velkomen attende.

Til slutt vil Bjørn West-marsjen takka all som har gjort arrangementet mogeleg – både praktisk og økonomisk. Stordalen Fjellstove (drivarar og eigarar), sponsorar, HV-09, Turlaget, Raude Krossen, Masfjorden kommune mfl.

Velkomen attende til Bjørn West-marsjen og Stordalen 20. august 2023.

Tekst og foto: Arnold Matre

ISAK LEVERTE PÅ UKM-LANDSFESTIVALEN



Isak Thorsheim Kvinge (16) var ein av fire ungdommar frå Nordhordland som hadde fått æra av å representera Vestland fylke på landsfestivalen i Stjørdal 24.-28.juni. Dette på bakgrunn av flotte prestasjonar på lokalmønstringa for Nordhordland og på fylkesmønstringa på Voss i vår.

Festivalen er ein arena for kreativ ungdom, og handlar om å ha det gøy gjennom å dela kulturuttrykk og å skapa noko saman. I fire dagar til ende kokte det av kulturell aktivitet og skaparglede i og rundt det fantastiske flotte kulturhuset Kimen i Stjørdal. 500 ungdommar frå heile landet fekk presentert sine uttrykk gjennom sju førestillingar, utstillingar, workshops, talkshow og ei rekkje andre aktivitetar i deltakarlandsbyen.

Unge arrangørar arbeidde side ved side med profesjonelle aktørar, og det unge media-teamet sende direkte-TV frå det som vart servert på førestillingane.

Temperaturen var høg både inne og ute, med fantastisk stemning frå start til slutt og skyhøg kvalitet. Her var det truleg mange av neste

generasjon stjerneartistar og kulturoperatørar som boltra seg.

Isak framførte Springsteen-låten *Lost in the flood*. Sjølv song han og spelte piano. Med seg på framføringa hadde han eit profesjonelt husband, og saman gav dei ei kraftfull framføring av songen.

Publikum var med frå første tone, og jubelen stod i taket både under og etter framføringa.

-Det var skikkeleg trøkk i husbandet, og under førestillinga mi tok fleire hundre ungdommar i salen på mobil-lommelyktene sine, fortel Isak og beskriv den heilt spesielle stemninga.

Han fortel at det vart mindre øving saman med husbandet enn det han hadde håpa på. Rundt 45 minutt i tillegg til lydprøven, men det gjekk likevel veldig bra.

Isak fortel at heile opplegget var ei kjempeoppleving å få vera med på.

- Me var fire ungdommar frå Nordhordland reiste, og me fekk oppleva veldig mykje kjekt. Det var masse forskjellige førestillingar, alt frå dans og musikal til andre kulturinnslag. Eit veldig breitt felt, med mykje kjekt å sjå på, seier Isak.

Til hausten byrjar Isak på musikklinja på Langhaugen, og kan der fortsetje å utvikla det musikalske talentet.

Låta som Isak framførte er ein av dei første Springsteen-låtane, skrive i 1973. Teksten er lang og tung, og er teknisk vanskeleg å framføra. Isak har jobba lenge med låta. På Masfjorden kommune si heimeside kan du sjå og høyre førestillinga hans.

Om du følgjer lenka kan du oppleve Isak si framføring her, innslag nummer 4:

Tekst: Sigrun Haugsdal Reknes
Foto: UKM

FRAMTIDIG STRAUMSTØTTEORDNING FOR FRIVILLIGE ORGANISASJONAR

Regjeringa har som følgje av dei ekstraordinære straumprisane vidareført tilskotsordninga for frivillige organisasjonar til og med mars 2023.

I første tilskotsperiode desember 2021- mars 2022 vart tilskotsordninga forvalta av kommunane. I vår kommune fekk alle dei 11 søkjarane tildelt straumtilskot.

Regjeringa har beslutta å forlengje tilskotsordninga til og med mars 2023, og har vedteke ei ny forskrift for fordeling av tilskotet.

I perioden april 2022- mars 2023 vil ordninga bli forvalta av Lotteri- og stiftelsestilsynet.

Søknadsskjemaet vart opna i midten av august på følgjande stad:

<https://lottstift.no/for-frivilligheten/stromstotte/>

Les meir her:

[Strømstøtteordning for frivillige organisasjoner - regjeringen.no](https://stromstotte.no/for-frivilligheten/stromstotte/)

Tekst: Frank Kvinge, Masfjorden kommune

OLADALSVOTTEN

Oladalsvotten er inspirert av den grøne dalen, kvitveis, bjørk, hodl frå kommunevåpenet til Masfjorden, klokketårnet i Haugsdalen og O for Oladalen.

Indre Haugsdalen vart etter gammalt av kalla for Oladalen, dette på grunn av at det var utruleg mange som heitte Ola – opptil fleire på nesten kvart bruk.

-Det heile byrja med at eg teikna eit mønster etter eit åkle som me har på hytta vår i Stusdalen, fortel skaparen av mønsteret, Monika Stusdal Sagen. Ho er oppvaksen i Haugsdalen, og har gode barndomsminne herfrå.

Ho tok mønsteret med inn i arbeidet med elevane sine i visuelle kunsthøgskule i Høyanger kulturskule, der dei etter kvart laga kvart sitt vottemønster og stilte dei ut i Vadheim. Interesse for mønster var tent, og ho ynskte å skapa eit mønster frå barndomsdalen.

-Eg har alltid vore glad i Haugsdalen, og ville lage eit par vottar som synte den fine, grøne dalen som eg kjem i frå. Klokkeitårnet ligg omtrent i midten, og er eit fellesbygg for Oladølingane. Kvitveisen er med på grunn av gode barndomsminne frå Hatleviksberget og Gamlekaien, der dei veks tett, minnest Monika.



Mønsteret kan ein kjøpa ved å senda e-post til Monika på: pjuskevennen@hotmail.com eller ei melding på: 91530827
Instagram: vaimavotten

NYTT BUSTADFELT PÅ HOSTELAND VEST

Det har dei siste åra vore stort lokalt engasjement for å leggje til rette for byggeklare bustadtomter i- og nær dei tre oppvekstsentera. No ligg forslag til planprogram for Hosteland vest klart.

Bustadfeltet vil bli tilrettelagt for bygging av einebustader og fleirmannsbustader, samt friområde mot sjø og brygger. Det vert lagt opp til romslege tomter, lagt mot Hostelandsosen. Det vert og planlagt fellesareal og leikeplass i uteområde.

Tilkomst er tenkt med ny avkjørsle mot fylkesveg 570 Fensfjordvegen, og det vert planlagt turveg mot Træet for å ivareta mjuke trafikantar. Utforming og plassering av turveg er ikkje bestemt, men vil verte vurdert som ein del av det vidare planarbeidet.


Forslag til reguleringsplan vert venteleg i 2023 sendt ut på høyring, og lagt ut til offentleg ettersyn.

Tekst: Sigrun Haugsdal Reknes

Foto: Ingelin Rye Våge



Illustrasjonen under viser tilkomstveg vest for Hostelandstunnelen, og planlagte bustadtomtar med tilhøyrande småbåtanlegg. Endeleg reguleringsplan kan bli endra/justert.



REDUSERTE FARTSGRENSER I VENTE

Arbeidet med trafikksikring i Masfjorden er i full gang. Trafikksikringsplanen er eit resultat av ein lang prosess, der blant anna innbyggjarane i kommunen har bidratt. No vert det jobba for å få godkjent redusert fartsgrense på heile åtte strekningar i kommunen.


Det er planlagt reduksjon på sju fylkesvegar og ein kommunal veg. Tiltaka som er gjort på fylkesveg er sendt til fylkeskommunen for vidare prosess. Her har Statens Vegvesen vedtaksmynde. På den eine av strekningane som er kommunal er det kommunen som har vedtaksmynde, og det vert lagt opp til snarleg vedtak i saka.

Trafikksikringsplanen gjeld for 2021 – 2032, så alt arbeidet er ein vedvarande prosess. Det betyr at alt ikkje kan prioriterast med det same. Tiltaka er ordna i ei prioriteringsliste, og vil verte arbeida med utover i perioden.

-Framdrifta av planen vil i stor grad vera styrt av økonomiske rammer, fleire av tiltaka krev avgrensa ressursar og kan i lys av dette gjennomførast utan merknader, seier sakshandsamar Sigvald Kvinge.

Tekst: Sigrun Haugsdal Reknes

Kartet viser kvar det er forslag på reduserte fartsgrenser:



TRAFIKKSIKRING LANGS KOMMUNEVEGEN TIL HOPE (INDRE)



Trafikksikringsplanen som vart godkjent i kommunestyret den 24. februar i år tok med mange tiltak. Eit av tiltaka var å få sikra ei strekning for mjuke trafikantar langs kommunevegen til Hope (Indre). I vinter søkte Masfjorden kommune difor om tilskot til mellom anna dette trafikksikringstiltaket hjå Vestland fylkeskommune. Målet var å få midlar til ein skikkeleg støypekant langs elva. Søknaden vart innvilga av fylkestrafikksikringsutvalet i møte 10.mars og alt no i juli vart arbeidet gjort ferdig i regi av selskapet Mesta AS. Ei strekning på ca 100 meter, der vegen går nærmast elva, har no fått betongrekkverk med høgde på 75 cm.

Tekst: Sveinung Toft
Foto: Roald Kvingedal

NY VASSLEIDNING I SJØ

Masfjorden kommune skal leggja ny vassleidning i sjø, etter leidningsbrotet mellom Duesund og Mollandseidet.

Arbeidet vil skje mellom veke 32 - 39, og vert utført av selskapet Telemark SeaWorx AS.

Det vert riggplass på den gamle ferjekaien ved Duesund og lagring av produsert leidning skal skje i sjøen ved Duesund. Den produserte leidningen vert seinka ned på sjøbotnen, før den

seinare vert henta opp og sveist saman og lagt på plass.

Målet er at den nye sjøleidningen skal vera på plass i starten av oktober, slik at vassforsyninga på Sandnes vert ivareteke på ein god måte.

Kommunen ber om at folk som er i området tek omsyn til dette viktige arbeidet.

Tekst: Sveinung Toft, assisterande rådmann.

OPPDELING AV FAKTURA FOR KOMMUNALE GEBYR I FLEIRE TERMINAR

Masfjorden kommune deler no opp faktura for kommunale gebyr i fleire terminar. Dette gjeld fom 1.juli 2022.

Kommunen har vurdert alle faktura for kommunale gebyr og gjort ei oppdeling slik at dei med høgt, samla gebyr har faktura fordelt på 12 terminar, medan dei med lågt, samla gebyr framleis berre har ein termin.

Høgt samla gebyr er dei som både har vass- og avløpsgebyr, mens lågt samla gebyr er dei som

berre har feiegebyr. Dei med gebyr mellom dette er sett opp med to terminar som i dag.

Kvar rekningssmottakar av kommunale gebyr kan endre fakturafordelinga for sine gebyr.

Terminoppsett de kan velge mellom er 1, 2 og 12. De må då ta kontakt med kommunen på telefon 5616 6200 eller Tenestetorget (post@masfjorden.kommune.no)

Tekst: Anne-Kristin Rafoss

KORONAVAKSINASJON

Masfjorden kommune får ny forsyning av den oppdaterte koronavaksina (dose 4) siste veka i september.

Folkehelseinstituttet tilrår at personar som er 65 år og eldre får oppfriskningsdose.

Dosen kan bli gitt tidlegast 4 månadar etter siste oppfriskningsdose, eller minimum 3 veker etter gjennomgått koronainfeksjon.

Vaksineringsdag er onsdagar frå kl 9-12.

Det blir ikkje sendt ut innkalling til vaksineringsdag, ein må sjølv ta kontakt med legekontoret for å avtale tid på tlf 56 16 63 00.

Tekst: Ida Eide, leiar for helsetenesta.



KOMMUNEN SI SKATTEKISTE

Har du vore inne å utforska masfjordingen.no? Her finn ein mykje god informasjon som er vel verdt å få med seg.

Alle utgåvene av vår eiga lokalavis Masfjordingen som er utgjeve siste par åra ligg leseklare, og i tillegg finn du lenker til fleire nettsider som omhandlar Masfjorden.

Det er lagt ut artiklar frå det historiske heftet Fjon frå fjell til fjord, heilt tilbake til 1991. Her finn ein artiklar av ulikt slag, der skriveglade masfjordingar har fått utfalde seg. Eit hefte med «gamalt og nytt frå Masfjorden».

I tillegg kan du sjå og lasta ned bilete frå ei svunnen tid, hovudsakleg flyfoto frå 1960-talet. Dette er berre nokre av lenkene du kan følgje på masfjordingen.no

Det er Rune Garmann som har lagt sjela si i arbeidet med denne nettsida, her har han skapt Masfjorden kommune si skattekiste. Eit lokalhistorisk arbeid som er viktig å ivareta, og til glede for alle interesserte.

Lenke til samlesida: www.masfjordingen.no

Tekst: Sigrun Haugsdal Reknes

Velkommen



Her vil du etter kvart finne likt og ulikt frå Masfjorden. Sida er under oppbygging, så det kan løne seg å titte innom no og då.

BORGARLEG VIGSLE:

07.07.2022 Nathamon Yngkamhang og Vidar Vaksdal

KULTURPRISEN 2022



Den gjeve kulturprisen til Masfjorden kommune vart delt ut til Anke og Alf Helland under kommunestyremøtet torsdag 16.juni 2022.

Alf er børsemakar, kona Anke er våpenggravør. Men for sambygdingane er dei endå mykje meir:

Alf har gjennom åra jobba blant anna som lærar, vore aktiv i heimevernet, gjort frivillig arbeid og saman med kona Anke bidrege i kyrkjelege tilstellingar. Anke på si side arbeider som kulturskulelærar og skuleelevane har lært mykje av all hennar kreativitet.

Det som først og fremst har fått Alf på kandidatlista er det kulturhistoriske arbeidet han har gjort; rekonstruksjonen av ei vindrifle, Girardonirifla. Han har vist at det umoglege kan bli mogleg, og der det i utgangspunktet ikkje fanst grunnlag for å lukkast har han hatt kunnskap og tolmod nok til å få det til.

Alf har med dette prosjektet hausta prisar og mykje heiderleg omtale utanfor Masfjorden. Og no vart altså han og Anke heidra av heimkommunen med Kulturprisen 2022.

Tekst: Sigrun Haugsdal Reknes
Foto: Mary Hope

Grunngjeve framlegg på kulturpriskandidat:

Alf Holmaas har nett runda 50 år denne månaden. På desse åra er det mange masfjordingar og andre som har lært denne positive personen å kjenna. Ein litt forsiktig, men svært omtenkssom og kunnskapsrik mann.

Sine første skuleår hadde han i Masfjorden. Etter vidaregåande kom han tilbake og delte på sine kunnskapar innafor læraryrket på Sandnes skule. Etter kvart gjekk vegen til Austrheim vidaregåande som lærar der. Hans innleving og gode kunnskapar fekk mange elevar dra nytte av. Også innafor frivillig arbeid blant anna i opplæring av kanopadling var det mange som fekk ein god instruktør. Seinare har han og ektefellen Anke bidrege mykje i kyrkjeleg tilstellingar til glede for mange. Dei har og i vaksen alder lært seg å spele på mandolin, og på den måten og berika sambygdingane musikalsk.

Heimevernet i Masfjorden fekk og glede av å ha Alf i sine rekker i ein periode. Rolig som instruktør, men samtidig dyktig i å formidla sin kunnskap innafor våpenbruk og andre sentrale område innafor forsvaret.

Men det forslagsstillarane først og fremst vil framheva Alf til kulturprisen for, er det kulturhistoriske arbeidet han har gjort og som er dokumentert så godt i boka hans

«Jakta på Girardon».

Her viser Alf at det går an å få det umulige til å bli mulig. Det tek berre litt lengre tid. I utgangspunktet fanst det ikkje grunnlag for å lukkast, men med sitt pågangsmot har Alf vist noko anna.

I 2017 fekk han eit treårig stipendiat ved Norsk håndverkinstituttt på Lillehammer. Her legg instituttet til rette for å vidareføra ulike tradisjonelle handtverksfag. Her skal kandidaten

gjennom praktisk tilnærming fordjupa seg i prosessar, problemstillingar og praksisar som er sentrale i handtverket. Dette er viktig for å få fram at handtverk som kunnskapsform også høyrer heima i høgare utøvande nivå. Berre fire kandidatar innafor ulike fagfelt får slikt stipendiat kvart år. Alf var den første børsemakaren som vart ansett i ordninga sidan instituttet starta i 1995. Det blir stilt klare og mange krevande svar innafor ulike område til kandidatane i frå Norsk handtverksinstitutt.

I dag veit vi at Alf bestod alle desse krava, og vel så det. 28. oktober 2021 hadde han bokslepp der han presenterte oppgåva og boka si på Nordbygda skule. Eit stappfullt klasserom med sambygdingar, der det stadig måtte setjast fram fleire stolar, var tilfelle då Lovisa Midtbø på vegne av kulturretaten i kommunen ynskte velkommen til boksleppet. Eit bokslepp som Alf like snart kunne helde i Tyskland, England, eller Lillehammer for den del, men han gjennomførde det i sin heimkommune Masfjorden.

Dei som var møtt fram fekk ein uforgløyemeleg kveld. Her viste Alf sin store forteljarkunst, og i frå første stund navngav han i tur og orden alle dei gode hjelparane han hadde hatt for å lykkast med prosjektet sitt. Ingen blei gløymd korkje av sambygdingar eller andre, ikkje katten hans Bent Erik ein gong!

Alf tok oss med gjennom fleire år delvis i Tyskland, litt i England og stundom i Norge. Vi fekk innlevande fortalt om skulegangen i Tyskland som ikkje alltid var like enkel. Korleis tilfeldigheiter stundom hadde fått prosjektet hans vidare når det såg litt håplaut ut. Og ein real matematikktime fekk han og framført på ein forståeleg måte.

Han fortalde om verkstaden og smia han måtte byggja for å prøva ut utallige legeringar. Der var og mange mange andre komponentar som måtte til for å byggja opp eit luftdreve gevær frå år 1780, og som skulle vera funksjonelt.

Det vil fort bli ei endelaus oppramsing skal vi ta med alt det positive Alf har stått for og gjennomført og det han har lykkast med. Vi vil i staden for gjengje første avsnittet i forordet i boka hans som Norsk handtverkindustri har skreive inn:



Å SIKTE MOT STJERNENE.

«Det er inspirerende å se på dem som sikter høyt og lykkes. Prosjektet Alf Helland hadde planlagt for sin treårige stipendiatperiode var ikke bare å sikte høyt. Det var rett og slett å sikte mot stjernene. Det er ingen tvil om at Girardonis vindrifle fra 1780 står igjen i våpenhistorien som litt av et kunststykke. Noen sivile børsemakere fra området rundt Wien produserte et begrenset antall våpen til hoff og adel rundt patenten til Girardonis i perioden 1820 til 1840, slik som Johann Contriner, Joseph Schembor og Johann Baptist Missilieur. Etter dette har mange prøvd å kopiere våpentypen, men håndverkshemmelighetene forble skjult bak historiens dunkle slør. Etterpå var det mange børsemakere som siktet mot stjernene, men feilet. Tradisjonbærerne hadde forsvunnet og hemmelighetene deres med dem. Helt fram til nå». Og avslutningsvis i si oppsummering skriv dei: «Da den avsluttende prøven var gjennomført, bemerket Alfs gode nabo stille: *«Denne mannen er et geni»*. Den attesten slutter vi oss gjerne til. Det er bare de som tør å sikte mot stjernene som har sjansen til å treffe».

Håndtverksinstituttet framhevar og Alf sin positive innverknad på andre grupper og på hans utrulege formidlarevne som engasjerer alle rundt han. For dei som fekk vera med på Nordbygda skule 28. oktober er det lett å forstå.

Alf Helland har med dette prosjektet sitt hausta prisar og mykje hederleg omtale utafor Masfjorden.

På side 192 og side 193 i boka sender Alf ein stor takk til mange. Vi har her lyst til å gjengi siste avsnittet hans:

«Og sist men ikkje minst, kona mi, Anke, som ikkje såg ektemannen sin på tre år av di han var permanent i verkstaden. Ved middagsbordet var han vistnok somme tider, men då berre fysisk. Utan henne ville eg aldri ha kunne starte på dette eventyret av ei tidsreise».

Kanskje burde kulturprisen vore delt mellom dei to. Vi veit og at ho er ein framifrå gravør som har hausta oppmerksomheit langt utafor landets grenser for sitt flotte arbeid.

Tekst: Forslagsstillarane



«Kvitanesen» kjem til Masfjorden

Stad: Sandneskaféen

Tid: Laurdag 17. september kl. 20

Velkomen til ei kveldsstund der tema er kortreist, humoristisk vinkla og med eit snev av poesi. Det er ikkje kvar dag ein ler så ein må tørka tårer, men det kan du risikera denne kvelden, når denne ordkunstnaren frå Hardanger set i gong.

I tillegg vil Silje Kvamme Andersen og Siri Andvik servera musikalske godbitar.

Billett: Kr 200,-

Arr. Sandneskaféen/Sommarscena

Torbjørn Ljones, også kjend som Kvitanesen, vaks opp i Ulvik. Med lærarar, spelemenn og kjøgemeistarar i slekta og som odelsgut på ein bratt eplegard, fekk han innføring i både gardskultur og -arbeid og eit vindaug mot den store verda gjennom historier og bøker. Litteraturinteressa førte han til gymnaset på Voss og sidan på studier ved Universitetet i Bergen. I sitt vaksne liv har han arbeidd i skulen med base på Lillehammer, med større og større fokus på eigen skriving dei siste åra. Frå hausten 2021 er forfattarskapen heiltidssysselet med nye bøker og formidlingsprosjekt i kjømda.

Forfattar, formidlar og Facebookfenomen

«Kvitanesen» har gjeve ut to bøker på eige forlag og skrive epistlar i avisa Hordaland annankvar laurdag frå 2008 til i dag. Kvar sommar dei siste åra har han turnert med opplesing og musikk på Vestlandet og han har vore innslag på lokale litteraturfestivalar. Pr. i dag har «Kvitanesen» 10.083 trufaste følgjarar på Facebook. Svært mange av desse les kvar dag ein liten tekst på Fb-sida til morgonkaffien og tekstane vert flittig kommentert og delt.

Silje Kvamme Andersen er ei 23 år gamal jente frå Sandnes som nyleg gav ut ein coverlåt av Synne Vo. Som femtenåring gav ho ut countryalbum, og etter nokre års pause er ho no i gang igjen med ny musikk og oppdrag i ny og ne. Akkompagnert av Siri Andvik på piano vil ho syta for musikalsk innramming av «Kvitanesen».



KURS I LOKAL FOLKESONG

MED SONGAR FRÅ MASFJORDEN

Laurdag 1. oktober kl 1200-1630

Stad: Nordbygda skule

Kursleiarar: Kjersti Møllerup Wiik og Linda Røyseth Sandhåland

Kurset er gratis

Førehandskunnskapar: Ingen


Aldersgruppe: ALLE

Lunch

Påmelding til

SMS til 97 06 12 30, epost til post@masfjorden.kommune.no

eller tlf 56 16 62 00 innan 26. september



Arr.: Masfjorden kulturskule



BLI MED PÅ PRØVE-SYNGING/AUDITION!

Vil du bli med å synge på oppsetningen «Frå hav til fjell i Nordhordland» basert på Arne Høyland sine viser?

Nordhordland musikkteater er en nystiftet organisasjon som skal fremføre en musikal eller et musikkteater i september 2023 minst fem steder i Nordhordland. I den forbindelse søker vi etter sangere – både til solistroller og som sangere i koret.

Oppsetningen skal gjennomføres med band, kor og solister. Og vi vil gjerne ha med solister i alle aldre fra hele Nordhordland, i tillegg til noen erfarne sangere som engasjeres av oss.

Det vil bli audition om ettermiddagen ca. klokka 1800 følgende dager:

- Masfjorden 7.november 2022
- Fedje 9.november 2022
- Osterøy 11.november 2022
- Alver 12.november 2022
- Austrheim 14.november
- Modalen 16.november 2022

Dere finner alle de aktuelle sangene til Arne Høyland fremført på youtube. Og dere kan velge **helt fritt** hvilken sang dere vil synge på audition av Arne sin viser.

For å hjelpe dere litt har vi plukket ut noen sanger som vi henviser til på youtube for at dere kan høre på visene, og til en blogspot for å finne teksten. Om dere ønsker noter med besifring til noen av sangene, kan dere ta kontakt med en av lederne for prosjektet:

Petter Lexander på pejoeran@online.no eller mobiltelefon 900 67 390.

Jarle Hanstveit på jarle.hanstveit@gmail.com eller mobiltelefon 480 02 564

- **Heima e best** Song og spel <https://youtu.be/R5efrTGQPS0>
TEKST: <https://songtekstar.blogspot.com/2022/01/heima-e-best.html>
- **Sjøbøren** Song og spel https://youtu.be/f4cc_BMrJYg
Tekst: <https://songtekstar.blogspot.com/2022/01/sjboren.html>
- **Laksajiljo** SONG SPEL <https://www.youtube.com/watch?v=JEa8L9v9Tn8>
Tekst <https://songtekstar.blogspot.com/2022/01/laksajiljo.html>
- **Godt og varmt** SONG OG SPEL <https://youtu.be/LZoD72O4Q0w>
TEKST <https://songtekstar.blogspot.com/2022/01/godt-og-varmt.html>
- **Hav, himmel og strand** SONG OG SPEL <https://youtu.be/l-Ym3AdI37Y>
TEKST <https://songtekstar.blogspot.com/2022/01/himmel-og-strand-arne-hylland-11.html>
- **Vilje og mot** SONG OG SPEL <https://youtu.be/E7gifeAyPD0>
TEKST <https://songtekstar.blogspot.com/2022/01/vilje-og-mot.html>

Tekst: Petter Lexander, prosjektleder

Velkomen til "Forteljingar i skulestova"

Sleire skulemuseum 1. oktober -22 kl 17.00

Nyopning av muséet v/ordførar
Det siste året har det blitt gjort utbetringar
både utan- og innandørs på skulemuséet.

Heidringar.

Kjersti Wiik-song og Laila Kolve- fløyter,
gode ambassadørar for strilekulturen, syng og fortel

Lovisa Midtbø fortel
om lærarinna Olina Høsteland, og viser
den nye utstillinga om Olina

Jon Martin Skauge
syng egne viser

mm.
Enkel servering. Fri entré



HAR DU GAMLE BILETE FRÅ GRENDASKULANE I MASFJORDEN?

Det vert for tida arbeid med å rydda i skulemuséet på
Sleire og gjera samlinga betre tilgjengeleg og meir
brukarvenlege for dei som besøkjer muséet. Arbeidet
vert utført av pensjonerte skulefolk og tilsette i kommunen.



Kvar er dette?

I samband med dette arbeidet er me på jakt etter gamle bilete frå skulehusa i kommunen vår.
Det kan td. vera bilete av skuleklassar eller aktivitet i og rundt skulehusa
(17. mai-aktivitetar, andre arrangement mm).

Har du bilete vil me vera svært glade for å kunne låna desse og ta ein kopi.
Kontakt i tilfelle Mary Hope tlf. 951 71 657 eller epost mary.hope@masfjorden.kommune.no

Me er usikre på kvar biletet ovanfor er frå og kva år det er teke. Nokon som veit det?
Biletet er det einaste biletet frå dei gamle grendaskulane som finst i samlinga.

Tekst: Frank Kvinge, fagleiar kultur



*Forsmarssjef Eirik Kristoffersen gjekk i Bjørn West sine forspor.
Foto: Arnold Matre*

FRIST FOR INNSENDING TIL MASFJORDINGEN

**Bladet skal vera klart til
utsending**

10 dagar etter fristane:

14. oktober og 21 november

Notér dato i årshjulet for din organisasjon. Få med både førehandsomtale og del gjerne bilete og minneverdige stunder frå hendinga i etterkant. Slik at folk i bygdene kan få eit innblikk i det som skjer.

KONTAKTINFORMASJON TIL KOMMUNEN



Telefon: 56 16 62 00

Epost: post@masfjorden.kommune.no

Post- og besøksadresse:
Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

www.masfjorden.kommune.no

ARBEIDSGRUPPA FOR MASFJORDINGEN

sveinung.toft@masfjorden.kommune.no
frank.kvinge@masfjorden.kommune.no
mary.hope@masfjorden.kommune.no
sigrun.haugsdal.reknes@masfjorden.kommune.no

eli.eidsnes@kyrkjaimasfjorden.no
tina.meland.corneliussen@kyrkjaimasfjorden.no

Formgjeving/bilete framside: Mary Hope

KONTAKTINFORMASJON TIL KYRKJA



Tlf. 56 16 62 61

E-post: post@kyrkjaimasfjorden.no

Kyrkjevevje: Eli Eidsnes
Tlf.: 56 16 62 61/906 13 515
E-post kyrkjevevja@kyrkjaimasfjorden.no

Sokneprest: Torbjørn Sæle
Tlf.: 56 16 62 63/ 951 41 685
e-post: torbjorn.saele@kyrkjaimasfjorden.no

Trusopplærar:
Tina Meland Corneliussen
Tlf.: 56 16 62 62/936 85 071
e-post:
tina.meland.corneliussen@kyrkjaimasfjorden.no

Ungdomsarbeidar: Bergit Ynnesdal
Tlf.: 934 57 306
e-post: bergit.ynnesdal@kyrkjaimasfjorden.no

Kyrkjegardsarbeidar:
Remi Kallekleiv
Tlf. 941 43 716

www.masfjorden.kyrkja.no
Vipps Masfjorden sokn: 620513